

---

Vår referanse 2021/16472-5  
Dato 30.06.2021

---

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE) REGION VEST  
Naustdalsvegen 1B  
6800 FØRDE

## Fråsegn til søknad om løyve til Tveitafoss kraftverk i Bjoreio i Eidfjord kommune

### **Vestland fylkeskommune tilrår alternativ 2 med vilkår.**

Alternativ 2 er tiltak med utbygging av Tveitafoss II.

Vilkåra er:

- Det skal setjast krav til minstevassføring som tek omsyn til vassdraget i Måbødalen som landskapselement.
- Tiltaket må ikkje ha negativ innverknad på levkåra til laks og sjøaure.

Vi viser til kommunestyrevedtak i Eidfjord kommune, 14.06.2021, og ber NVE vektleggja dette. Vi viser òg til vedtatt høyringsinnspel frå fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune, 22.06.2021, til revisjonsdokumentet til Eidfjord Nord-reguleringa.

Fylkeskommunen vurderer det som positivt at Hardanger energi AS ynskjer å produsera meir kraft i eit område der det allereie er etabler kraftproduksjon.

### **Kulturminne**

Saka er vurdert av regional kulturminnemynde, Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, ved sakshandsamar Tore Slinning.

Dei aktuelle tiltaksområda er i stor grad prega av tidlegare utbygging, og areala har lågt potensiale for funn av hittil uregistrerte automatisk freda kulturminne. Omsøkte tiltak blir vurdert til ikkje å få konsekvensar for automatisk freda- eller nyare tids kulturminne.

Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader i saka, men gjer tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, bergkunst, flekkar med trekol eller konstruksjonar, blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø  
seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

EIDFJORD KOMMUNE Simadalsvegen 1